

## [norvega, nynorsk]

**Esperanto** er eit fascinerande språk med brukarar i meir enn 130 land rund om i verda. Strukturen er enkel og regelmessig, utan forvirrande unnatak. Dette gjer esperanto mykje lettare å lære enn nasjonale språk og difor særleg eigna for internasjonal kommunikasjon.

**Esperanto** er eit språk med sin eigen kultur, skapt av engasjerte brukarar gjennom 130 år. Det blir nytta på nettet, i litteratur, i radio og tidsskrift og i hundrevis av årlege samkomer i inn- og utland. Men det er og ein verdifull brubyggjar mellom nasjonale kulturar, særleg mellom dei som har mindre brukte språk. Målet er å støtte desse språka og auke den språklege og kulturelle rikdomen i verda.

**Esperanto** er et rettvist språk, fordi det er tilgjengeleg for alle – ikkje berre for dei med evner, kontaktar og tid til å lære nasjonale språk. Det reduserer ulikskapen mellom folk og gjev alle høve til kommunikasjon på tvers av landegrensene.

**Esperanto** er eit språk som opnar opp verda for dei som lærer og nyttar språket. Mange språkbrukarar har ei grunnleggjande og fast tru på mellomfolkeleg samarbeid og toleranse for at me er forskjellige.

**Esperanto** – kort sagt: eit fascinerande, rettvist og universelt kulturspråk.



Universala Esperanto-Asocio (det internasjonale esperantoforbundet  
med konsultativ status i FN og UNESCO)